

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Ved: Hans Kristian Dolmen/Randi Hilland

Deres ref.:
14/1158 – 14/9884

Vår ref.:
5103637\5103637-Brev Klagesak 20140805

Dato:
2014-08-08

Reguleringsplan Hoplandsdalen. Forslagsstillar Vassbakk og Stol AS.

Oppmoding om ny handsaming/klage på vedtak om avvisning av planforslaget.

Me syner til Meland kommunestyre sak 46/2014, der kommunestyret 18.06.2014 fatta slikt vedtak, med 16 røyster (5 AP, 4 SP, 2 SAM, 1 MDG, 2 V, 1 FrP, 1 Uavh):

«Meland kommunestyre avslår framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi med planID 1256 2009 0003 med plankart datert 02.10.2013, føresegner datert 22.05.2014 og tilhøyrande planskildring. Dette med bakgrunn i de negative konsekvenser som tiltaket vil ha for nærmiljøet, både med tanke på støv og støyproblematikk, økt trafikk (ulykkesfare) i tilknytning til barnehage/skuleveg, samt usikkerheten rundt de miljømessige farene et deponi vil medføre for nærmiljøet og kulturområde Holmeknappen».

Vassbakk & Stol AS har i brev av 23.06.2014 klaga på vedtaket, innafor den klagefristen som vart gitt frå kommunen. Ut frå den planprosessen som har pågått sidan 2008 og ut frå det behovet det er for massedeponi i denne regionen, kan dei ikkje akseptere at ein no skal setje til side det forslaget som er utarbeidd ut frå tidlegare politiske føringar frå kommunen og i samråd med føringane frå statlege og regionale styresmakter. Vi viser til ei kort gjennomgang av saksgangen til no, under.

Med utgangspunkt i kommunestyret si handsaming av saka 18.06.2014 vil forslagsstillaren Vassbakk og Stol AS (V & S) foreslå at adgangen til masseuttak/steinuttak vert teken ut av planen. På den måten reduserast miljøkonsekvensane ytterlegare. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for ei endring av planen ut over dette.

Revidert framlegg til plankart og reguleringsføresegner ligg ved.

Ut frå dette ber vi kommunen ta saka opp igjen til ny handsaming. Vi understreker at vi legg til grunn at ein slik reduksjon kan gjerast utan at dette medfører krav om ny utlegging til offentleg ettersyn av planforslaget.

Dersom kommunen vel å ikkje ta klagen til følge ber vi om at klagen vert sendt til fylkesmannen for handsaming.

Saksgang – reguleringsplanarbeidet

2008

- I forkant av oppstart av planarbeidet vart det laga eit forprosjekt, og hytteeigarane i området vart varsla på førehand for å få innspel frå dei involverte i området, ved brev av 15.12.2008,

2009

- Planspørsmålet vart lagt fram for kommunen, og vart handsama i Utval for drift og utvikling (UDU) og i kommunestyret 16.09.2009. I dette vedtaket vart det mellom anna vedteke at UDU etter oppstartfasen skulle vurdere ulemper og føremoner av planarbeidet. Planarbeidet skulle vidareførast om tiltaket hadde overvekt av føremoner og samfunnsmessige nytte.

2010

- Framlegg til planprogram vart levert til kommunen og det vart halde oppstartmøte med administrasjonen 22.03.2010. Etter justeringar av planprogrammet vart planprogrammet vedteke lagt ut til ettersyn av UDU 20.04.2010.
- Oppstart av planarbeidet med planprogram vart varsla i mai 2010 med høyringsfrist 15.06.2010.
- Planprogrammet vart justert etter innspel til oppstarten og godkjent av UDU 20.12.2010 og kommunestyret.

2012

- V&S leverte, etter lengre tids dialog og revisjonar, framlegg til reguleringsplan 26.03.2012.
- Planen vart vedteken lagt ut til offentleg ettersyn av UDU 19.06.2012. Høyringsperioden var 06.07-31.08.2012. UDU ville kome tilbake til avgrensingar av reelle driftstilhøve og utbyggingstakt av bustadene, som då var inne i reguleringsplanen.
- Etter høyringsperioden vart planen justert for å imøtekomme merknader og motsegn til innhaldet i planen.

2013

- Ved ny handsaming i UDU 18.06.2013 vart saka trekt, og dermed ikkje handsama i kommunestyret 19.06.2013. Dette vart gjort fordi UDU ville kontrollere at dei kunne gå god for sitt vedtak frå 19.06.2009 om at føremoner og samfunnsnytne skulle overgå ulempene ved tiltaket.
- 03.09.2013 vart saka handsama på nytt. Då vart det kravd at planen, som inneheldt bustader, måtte endrast ved å fjerne desse bustadene frå framlegget til plan. Vedtaket gjekk på at bustader eventuelt skulle klarerast gjennom den pågåande kommuneplanprosessen. Dette enda med vedtak i kommunestyret 25.09.2013 at planen skulle justerast, ved å fjerne framtidige bustadområde, og fremjast for ny slutthandsaming.
- Andre justeringar i planen medførte at UDU 10.12.2013 vedtok å legge planen ut til nytt offentleg ettersyn.

2014

- 03.06.2014 vart saka nok ein gong teke opp til slutthandsaming i UDU. UDU tilrådde Kommunestyret å godkjenne planen.
- 18.06.2014 vart reguleringsplanen avvist av kommunestyret.

Planen sine fordeler (kommentar til grunngevinga gitt i kommunestyret sitt vedtak)

Kommunestyret har avslått framlegget til reguleringsplan under henvisning til "de negative konsekvenser som tiltaket vil ha for nærmiljøet, både med tanke på støv og støyprobatikk, økt trafikk (ulykkesfare) i tilknytning til barnehage/skuleveg, samt usikkerheten rundt de miljømessige farene et deponi vil medføre for nærmiljøet og kulturområde Holmeknappen".

Vi minner om kvalitetane som ligg i planforslaget:

- Planen vil gi eit samla deponi for reine overskotsmassar frå byggeprosjekt i området. Dette gjer at ein unngår uheldige deponisaker ved dei store byggeprosjekta i regionen. Dette sikrar god kontroll med at ein ikkje kan deponere forureina massar, betre kontroll enn ved deponering mange stader gjennom enkelte byggesaker. Allereie etablerte «villdeponi» av massar som er meldt inn til jordbrukssjefen i kommunen syner tydeleg behovet for eit samla og ryddig deponi i kommunen.
- Prosjektet vil føre til at ein får 90 da nytt areal med dyrka mark, som vil styrke landbruket. Dette arealet vil tilfalle ein nabogard etter at deponiet er lagt ned.
- Prosjektet vil føre til vegtiltak som vil sikre dei gåande. Ei føresetnad for tiltaket er at fylkevegen fram til tiltaket vert utbetra og at g/s-veg vert etablert. Dette må ein forvente vil vere ein vesentleg tryggare trafikksituasjon enn i dag. Det vil også kunne føre til at det er mogleg å gå til levering i barnehagen, noko som ikkje er vidare trygt i dag.
- Plasseringa av deponiet er grundig vurdert og dette er den staden ein har funne, der eit slikt tiltak vil påverke færrest hus og hytter.
- Det er stilt omfattande krav til massedeponiet i planen, slik at ein har gode mekanismar som verkar avbøtande, og sikrar mot negative konsekvensar for nærmiljøet. I tillegg stiller planen krav om detaljerte planar, som kommunen sjølv skal godkjenne, som ytterlegare kan detaljere krava til tiltaket:
 - Støy: Det er kravd tiltak som sikrar at støynivåa for omgjevnadene er låge i høve til krav i forskriftene. Dette kan ytterlegare forsterkast ved å vedta ein plan utan opning for massetak.
 - Støy: Det vil vere krav om handtering av støvproblematikk. Det er kravd fast dekke på tilkomstvegane. Dette kan redusere støvplagen i høve til i dag, då det no er gruvegar i området. Vatning vil motverke støv frå sjølve deponiområdet.
 - Trafikksystemet: Vil få ei vesentleg oppgradering i høve til i dag. Det vil gjere at trafikksystemet vil tole den trafikkauken som vil bli som følge av tiltaket. Det er viktig å ta med i vurderinga at fleire av naboane til tiltaket driv liknande verksemder med uttak og deponering av massar, utan at desse har fått krav til reguleringsplan eller utbetring av vegen. Desse medfører auka trafikk på det eksisterande, dårlege trafikksystemet. Gjennom etablering av gs-veg vil denne planen gjere situasjonen for brukarar i området bli vesentleg tryggare enn i dag. Som barnehage/skuleveg vil situasjonen bli vesentleg forbetra gjennom igangsetting av tiltaka i denne reguleringsplanen.
 - Miljø: Eit samla deponi som dette vil ha gode rutinar for tilkomst og kontroll av massane som kjem inn i området. Dette vil føre til ein betre kontroll her enn det ein kan ha i massedeponi som vert etablert ute i terrenget i samband med byggeprosjekt. Det er i planen etablert krav og fleirdobbel system som på ein god måte sikrar at tiltaket ikkje vil påverke vassdrag eller gi uønska utslepp til terrenget i området. I motsetning til grunngevinga for vedtaket vil tiltaket etter denne planen gje svært sikre tilhøve knytt til miljø, i høve til andre alternative løysingar.

Justeringar i planen

Vassbakk & Stol AS er positive til at ein kan ta ut den delen av planen som gjeld uttak av massar. Dette er i dag mindre aktuelt enn det var då planarbeidet starta, då mange byggeprosjekt i området produserer overskot av gode steinmassar. Dette vil føre til at maksnivå for støy frå tiltaket vil bli vesentleg redusert. Det vil då ikkje vere aktuelt å verken sprengje eller knuse stein i området, ut over det som kan bli gjort som følge av vegbygging og etablering av deponiet i ein kort anleggsfase. Støydempingsvullen vil framleis ha ein

funksjon både visuelt, miljømessig og støymessig, men støyen frå området vil i tillegg bli vesentleg redusert. Produksjonen av fint støv i området vil med dette også bli redusert, og sannsynligheten for støvdrift vil vere mindre, sjølv om det også var stilt krav om tiltak som skulle hindre dette i den foreslåtte planen.

Me føreset at denne endringa kan gjerast utan ny utlegging av planen då dette er ein reduksjon av omfanget av det planlagte tiltaket innanføre dei same grensene.

Habilitet – dersom saka skal avgjerast av klageinstansen

Ved handsaming av framlegg til reguleringsplan 19.06.2012 la Per Kristian Holmetun fram eit alternativt framlegg om å avvise planen. Dette vedtaket fall.

Ved handsaming i UDU 03.09.2013 vart Per Kristian Holmetun vurdert å vere ugild i handsaminga av saka.

Ved handsaming i kommunestyret 25.09.2013 kjem det ikkje fram om habilitetsspørsmålet er vurdert, eller om Holmetun var med på møtet.

Ved handsaming av saka 10.12.2013 i UDU vart Per Kristian Holmetun vurdert som ugild.

Ved handsaming i UDU 03.06.2014 vart habilitetsspørsmålet teke opp og Per Kristian Holmetun vart vurdert som gild.

Det synes ikkje betryggande at den same personen vekselvis vert vurdert som gild og ugild.

Me kjenner ikkje til detaljane i Holmetun sin far sine interesser i saka. Er han ein grunneigar utanføre området treng han ikkje vere inhabil. Driv han derimot i same næring som V&S vil han vere ein konkurrent med store eigeninteresser i at reguleringsplanen ikkje vert vedteken.

Det er ikkje omfangsendringar i planområdet, eller andre endringar i planen i løpet av planprosessen, som kan tilseie at personar sin habilitet skal vere påverka i nokon retning. Ein person må difor enten vere habil eller inhabil i heile denne planprosessen. Me ber om at det vert vurdert i ein evt klagehandsaming om dette medfører ein sakshandsamingsfeil.

Konklusjon

Vassbakk & Stol AS håper at kommunen vil ta klagen til følgje og treffe eit positivt vedtak, i den forstand at kommunestyret kan slutte seg til eit endra framlegg til reguleringsplan, utan masseuttak. Ein oppfattar det slik at det er støy og støvplage som er av dei større bekymringane i området. Gjennom å fjerne dette elementet i planen meiner me at det er gjort eit vesentleg grep for å imøtekomme kommunestyrefleirtalet sine innvendingar mot reguleringsplanen. Å vedta reguleringsplanen som eit reint massedeponi for reine massar utløyser at området får eit oppgradert vegsystem og 90 da med ny dyrka mark som sluttresultat for å styrke gardsbruk i planområdet. Produksjonen i driftsfasen av massedeponiet vil dermed vere reint transportoppdrag med inntransport av massar på eit godt vegsystem med fast dekke. Dette skal gi minimalt med uønska verknader for naboane og ein forbetra situasjon for alle brukarane i området når driftsfasen er over.

Vassbakk & Stol AS har brukt mykje ressursar for å etablere ryddige tilhøve for sine framtidige byggeprosjekt i området. Dei er ein seriøs aktør som har laga reguleringsplan for massedeponi, som er etterspurd ved alle større tiltak i regionen. Dette har gjort at ein har brukt mykje tid og ressursar på tiltaket.

Ved handsaming av reguleringsplanen i kommunen har det ved mange høve vore vedteke utsetjingsvedtak og ynskje om justeringar av planen før vidare handsaming. Vi viser til opplistinga over. Vassbakk & Stol AS har gjort dei justeringane i planen som kommunen har bede om ved kvar handsaming.

Med svært lang og uforutsigbar handsaming har kostnadane med å utarbeide planen vore særskilt store. Dersom kommunen etter ein så mange års dialog og så mange positive og direkte føringar frå kommunen med tilsvarande mange justeringar frå forslagsstillaren, likevel ikkje skulle fatte eit positivt vedtak, må forslagsstillaren naturleg nok måtte vurdere om det er grunnlag for at kommunen skal måtte dekke deler av plankostnadane.

Med hilsen
Norconsult AS



Ivar Kalkvik

Vassbakk & Stol v/Bjørn Lindstad